(6) Sensor kan krevje at studentar som har levert uleselege handskrivne eksamenssvar, skal levere ein leseleg kopi. Fristen skal normalt vere to dagar.

§ 9-2 Vurderingsuttrykka

(1) Sensuren får uttrykk anten ved ugradert vurderingsuttrykk (bestått/ikkje bestått) eller gradert vurderingsuttrykk (A-F).

(2) Bestått resultat med ugradert vurderingsuttrykk vil seie at studenten har nådd læringsutbyttet i emnet.

(3) Ei ugradert vurdering blir markert med «bestått» eller «ikkje bestått». På bokmål «bestått» og «ikke bestått», og engelsk «pass» og «fail».

(4) Bestått resultat etter gradert vurderingsuttrykk blir uttrykt med karakterane A til E. Ikkje

bestått blir uttrykt med bokstaven F. Nemning og vurderingskriterier følger Universitets- og høgskulerådet sine kvalitative skildringar.

- A. Framifrå prestasjon som skil seg klart ut. Kandidaten syner særers god vurderingsevne og stor av grad av sjølvstende.
- B. Mykje god prestasjon. Kandidaten syner mykje god vurderingsevne og sjølvstende.
- C. Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Kandidaten syner god vurderingsevne og sjølvstende på dei viktigaste områda.
- D. Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Kandidaten syner ein viss grad av vurderingsevne og sjølvstende.
- E. Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Kandidaten syner lita vurderingsevne og lite sjølvstende
- F. Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Kandidaten syner både manglande vurderingsevne og sjølvstende.

§ 9-3 Karakterfastsetjing ved eksamen som har fleire delar

Ved deleksamen tar ein utgangspunkt i talverdiane A=5, B=4, C=3, D=2, E=1. For kvar delkarakterar blir talet multiplisert med teljaren i vektingsbrøken. Produkta blir så summerte og delt på nemnaren (i vektingsbrøken). Dette blir så avrunda etter vanlege reglar.

§ 9-4 Gjennomsnittskaraktar

Når universitetet knyt rettsverknader til gjennomsnittskaraktarar tar ein utgangspunkt i talverdiane A=5, B=4, C=3, D=2, E=1. For kvar karakter blir talet multiplisert med talet på studiepoeng. Produkta blir så summerte og delt på det samla talet på studiepoeng. Emne med ugradert vurderingsuttrykk skal ikkje teljast med.

§ 9-5 Sensurfristar

(1) Vanleg sensurfrist er første kvardag tre veker etter vurderinga blei avslutta, i samsvar med [universitets- og høgskulelova § 3-9 \(4\)](#).

(2) Studenten skal få melding om forseinkingar i sensuren og om vedtak om forlenga sensurfrist av universitetsstyret.

(3) Klagesensur skal handsamast utan ugrunna opphald. På emne med mange sensurklagar har fakultetet høve til å vente med å sende eksamenssvara til klagesensorane til klagefristen har gått ut for å sikre lik handsaming av klagane. Klage på formelle feil som kan få følger for fleire eller alle sensurklagane skal reknast som grunna opphald.

§ 9-6 Grunngeving

(1) Studenten har rett til å få grunngeving for karakterfastsettinga jf. [universitets- og høgskulelova § 5-3](#). Retten til grunngeving gjeld tilsvarende for klagesensur.

(2) Fristen for å be om grunngeving for sensuren er éi veke etter kunngjeringa. Fakultetet kan avgjere om grunngevinga skal vere skriftleg eller munnleg, og vedta ordningar for dette. For eksamensformene nemnde i § 7-3 må studenten be om grunngeving straks hen har fått karakteren.

§ 9-7 Klage på karakter og formelle feil

(1) Studenten kan klage på karakterfastsetjinga på den vanlege sensuren, dersom arbeidet lar seg etterprøve. Ved klage skal det gjerast ny sensur («klagesensur»). Klageretten og klagesensuren er individuell, også ved gruppearbeid. Studenten kan klage på formelle feil ved alle eksamenar.

(2) Fristen for å klage på karakterfastsetjinga er tre veker frå kunngjeringa. Det same gjeld klage på formelle feil ved eksamen. Dersom studenten har bede om grunngiving for sensuren, startar klagefristen når grunngiving er gitt. Dersom studenten klagar på karakterfastsetjinga, startar fristen for å klage på formelle feil først etter at sensurklagen er ferdig handsama.

(3) Ved deleksamen gjeld klageretten først når endeleg karakter er fastsett. Fakultetet kan gjere unntak i utfyllande reglar dersom studentane sin studieprogresjon elles vil kunne hindrast.

§ 9-8 Sensorane

(1) Fakultetet utnemner sensorar.

(2) I desse tilfella krevst det minst to sensorar:

- a) munnleg, praktisk, utøvande og/eller skapande eksamen der minst ein av sensorane som regel skal vere eksterne,
- b) sensur av masterprosjekt, der minst ein av sensorane må vere ekstern og
- c) klagesensur, der minst ein av sensorane må vere ekstern.

(3) Fakultetet kan i utfyllande reglar setje eigne reglar for talet på sensorar, så lenge dei er strengare enn første avsnitt. Dersom det ikkje er ekstern sensor på munnleg, praktisk, utøvande og/eller skapande eksamen, må ordninga godkjennast av fakultetet basert på ekstern fagfelle si evaluering av vurderingsordninga.

(4) Som ekstern sensor etter andre avsnitt reknar ein den som ikkje er tilsett i hovud- eller bistilling ved UiB på sensurtidspunktet og som heller ikkje har deltatt i undervisninga på emnet det aktuelle semesteret.

§ 9-9 Særskilt om klagesensur

(1) Ved klagesensur bør klagesensorane få ein revidert sensorrettleiing der den emneansvarlege gjer greie for erfaringane frå den opphavlege sensurrunden.

(2) Dersom det er fråvik på to karakterar eller meir mellom vanleg sensur og klagesensuren, skal fakultetet gjere ei ny vurdering, jf. uhl. § 5-3 (6). I denne deltek ein av dei opphavlege sensorane, ein av klagesensorane og ein tredje sensor utpeika av fakultetet.

§ 9-10 Protokoll

All sensur skal protokollførast og sensuren skal bli godkjent av alle sensorane.

Kapittel 10. Grader

§ 10-1 Tildeling

(1) Universitetet tildeler dei gradene som går fram av [Forskrift om grader og beskyttede titler](#).

(2) Grada er oppnådd når studenten oppfyller krava i den aktuelle studieplanen. Universitetet i Bergen tildeler ikkje grad dersom færre enn 60 studiepoeng av grunnlaget er avlagt her. For fellesgrader kan kravet vere lågare.

§ 10-2 Gjenbruk av studiepoeng i ny grad

(1) Dersom delar av grunnlaget for ei grad allereie inngår i tildelt grad, krevst det:

- a) for bachelorgrader minst 90 nye studiepoeng med ny spesialisering,
- b) for integrerte mastergrader minst 90 nye studiepoeng, inkludert eit nytt masterprosjekt og
- c) for andre mastergrader minst nye 60 studiepoeng, inkludert eit nytt masterprosjekt.

(2) Juridisk fakultet kan gjere unntak frå kravet om nytt masterprosjekt når studenten søker om godkjenning av femte studieår på masterprogrammet i rettsvitenskap på grunnlag av ein LLM-grad (Master of Laws) som inneheld eit skriftleg arbeid som fyller dei krav som gjeld for eit masterprosjekt i rettsvitenskap.

§ 10-3 Samansetjing av bachelorgrad

(1) Bachelorgrada blir tildelt på grunnlag av treårige studieprogram (180 studiepoeng), med desse minstekrava:

- a) examen philosophicum, 10 studiepoeng og
- b) spesialisering, minst 90 studiepoeng som inkluderer eit sjølvstendig arbeid på minst 10 studiepoeng. Kravet om sjølvstende er ikkje til hinder for at fakultetet kan fastsetje i emneskildringa at to eller fleire studentar kan eller skal samarbeide om eit bachelorprosjekt.

(2) Bachelorgrader i utøvande og skapande kunst, musikk og design er på 180 eller 240 studiepoeng. Dei blir tildelt på grunnlag av samansetjing vedtatt av fakultetet for kunst, musikk og design.

§ 10-4 Samansetjing av mastergrad

(1) Universitetet i Bergen gir mastergrader med den normerte studietida som går fram i [forskrift om grader og beskyttede titler](#) § 3 nr. 5 til 7. Samansetjinga skal vere i samsvar med [Forskrift om krav til mastergrad](#) §§ 3 til 7.

(2) Graden master kan berre tildelast studentar som har fullført eit masterprosjekt.

(3) Masterprosjektet skal vere eit sjølvstendig vitenskapleg eller kunstnarisk arbeid på mellom 30 og 60 studiepoeng, utarbeidd under rettleiing. Fakultetet kan i emneskildringa vedta at to eller fleire studentar kan samarbeide om masterprosjektet.

(4) Integrerte masterprogram skal ha krav om examen philosophicum. Masterprosjektet i eit integrert masterprogram kan vere på 20 studiepoeng, jf. Forskrift om krav til mastergrad § 6

(2).

§ 10-5 Gradene cand.med. og cand.psychol.

(1) Det medisinske fakultet tildeler graden candidata/candidatus medicinae (cand.med.) på grunnlag av studium normert tid seks år og med omfang på 360 studiepoeng.

(2) Det psykologiske fakultet tildeler graden candidata/candidatus psychologiae (cand.psychol.) på grunnlag av studieprogram med normert tid seks år og med omfang på 360 studiepoeng.

(3) Gradene etter denne føresegna skal inkludere examen philosophicum.

Kapittel 11. Gradsnamn

§ 11-1 Tillegg i namn for bachelorgrader

(1) Bachelorgrader får normalt namnet «Bachelor i [studieprogram]», engelsk «Bachelor of [programme name]».

(2) Bachelorgrader oppnådde på det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet får normalt namnet «Bachelor i naturvitenskap», engelsk «Bachelor of Science».

(3) Tillegg i namnet til fellesgrader skal gå fram i studieplanen.

§ 11-2 Tillegg i namn for mastergrader

(1) Mastergrader får normalt namnet «Master i [studieprogram]»

(2) Mastergrader normert til to år på det medisinske fakultetet får namnet «Master i [fagområde – namn på fag]», engelsk «Master of Science in [discipline – subject].

(3) Mastergrader på grunnlag av integrert lektorutdanning får namnet «Master i [fag] med lektorkompetanse» engelsk:

«Master of Philosophy and Education. [Subject]», dersom det faglege tyngdepunktet er kultur- og samfunnsfag.

«Master of Science and Education. [Subject]», dersom det faglege tyngdepunktet er matematisk-naturvitenskapleg.

(4) Mastergrader med matematisk-naturvitenskapleg eller teknisk fagleg tyngdepunkt får normalt det engelske namnet «Master of Science in [programme name]».

(5) Fakultetet kan i studieplanen vedta at sivilingeniørutdanningar har tillegget «sivilingeniør», og også om eventuelle studieretningar skal gå fram i namnet.

(6) Mastergrader med fagleg tyngdepunkt i kultur- og samfunnsfag får normalt det engelske

namnet «Master of Philosophy in [programme name].»

(7) LLM-grad ved det juridiske fakultet har namnet «Master of laws (LLM) in [programme name]».

(8) Følgande grader har særskilde engelsk namn:

- a) Master i rettsvitenskap: «Master in Law»,
- b) Master i farmasi: «Master of Pharmacy»,
- c) Master i odontologi: «Master of Dentistry»,
- d) Mastergrader frå fakultet for kunst, musikk og design: «Master of/in [programme name]», alternativt «MA Fine Arts» eller «MA Design», dersom slikt namn er vedtatt i studieplanen og
- e) Erfaringsbaserte mastergrader: «Master of Arts in [programme name]»

(9) Fakultetet avgjer i studieplanen om engelskspråklege studieprogram berre skal ha engelsk namn.

(10) Namn på fellesgrader inkludert omsetjingar, skal gå fram av eige vedtak.

Kapittel 12. Vitnemål mv.

§ 12-1 Vitnemål

(1) Fakultetet sjølv lagar vitnemålet når grada er oppnådd, det vil seie når krava i studieplanen er oppfylte og karakterane er endelege.

(2) Vitnemålet blir gjort tilgjengeleg for studenten digitalt. Studenten kan éin gong få vitnemål på papir, når det er naudsynt for arbeid eller vidare studium.

(3) Vitnemålet skal utformast på nynorsk eller bokmål, eller på engelsk for engelskspråklege studieprogram.

§ 12-2 Utforminga av vitnemålet

(1) Vitnemålet skal innehalde:

- a) personalia,
- b) generell informasjon om studieprogrammet: Læringsutbytteskildring, innhald, organisering og målsetjing,
- c) namna, emnekodane, talet på studiepoeng, karakter og karakterfordeling, og når bestått resultat vart oppnådd for alle emne frå UiB som er grunnlag for grada,
- d) eventuelle delar som er godkjende i samsvar med §§ 5-7 til 5-9,
- e) skildring av karaktersystemet og
- f) Diploma Supplement, i tråd med retningslinjer frå NOKUT

(2) Vitnemålet skal elles utformast i tråd med Universitetsstyret sine retningslinjer.

§ 12-3 Karakterutskrift

(1) Alle som har oppnådd bestått resultat i eit emne ved universitetet, kan be om

karakterutskrift på nynorsk, bokmål eller engelsk.

(2) Karakterutskrifta skal innehalde anten alle emne personen har bestått resultat for ved universitetet, eller alle emne i eit einskild studieprogram.

(3) Karakterutskrifta skal innehalde:

- a) personalia,
- b) namna, emnekode, talet på studiepoeng, karakter og karakterfordeling, og tidspunktet det bestått resultatet vart oppnådd og
- c) ei skildring av karaktersystemet

(4) Karakterutskrifta blir gjort tilgjengeleg digitalt. Personar med dokumentert behov for karakterutskrift på papir skal få det.

§ 12-4 Autorisasjon av helsepersonell

Universitetet gir melding til Helsedirektoratet om oppnådde grader innanfor aktuelle helse- og sosialfag.

Kapittel 13. Overgangsregel og ikraftsetjing

§ 13-1 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2024. Frå same tidspunkt skal Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen frå 16. februar 2012 nr. 872 opphevast.

§ 13-2 Overgangsreglar

Utfyllande reglar om krav til maksimal studietid, progresjon (inkludert gjentak av studieår) og rekkefølge, som er treffe med heimel i Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen frå 16. februar 2012 nr. 872, kan gjelde til og med 31. mars 2024.

Dette er ein lovspegel som tar utgangspunkt i dagens (mai 2023) grads- og studieforskrift. I venstre kolonne er noverande forskrift, medan forslaget til ny studieforskrift er i høgre kolonne. Sidan det nye forslaget inneheld endringar i strukturen, så vil det bli gjentakningar, i nokon grad, i den høgre kolonnen.

Det vil også seie at føresegner som er heilt nye, i forslaget til ny studieforskrift, ikkje har nokon naturleg plass i dokumentet. Det gjeld til dømes § 1-1 og 4-3 (1) om høvesvis føremål og forventingar til studenten.

Kapittel 1. Virkeområde

§ 1-1. Virkeområde

(1) Forskriften gjelder studenter som har opptak til og er deltagere i flerårige, ettårige, mer kortvarige studier eller i enkeltemner, herunder også i ulike typer videreutdanningstilbud og i studieopphold tilknyttet utvekslingsavtaler.

(2) Forskriften gjelder også personer som avlegger eksamen etter lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (univl.) § 3-10, uten å være tatt opp som student, se § 4-9.

(3) For fellesgrader, både lavere og høyere grad, som tilbys i samarbeid med ett eller flere andre læresteder, kan det gjelde egne regler. Det samme gjelder for enkeltemner eller årsstudier som ikke inngår i en grad ved Universitetet i Bergen, samt for utdanninger som er særskilt organisert som videreutdanningstilbud.

(4) Forskriften gjelder ikke for doktorgradsutdanninger, likevel slik at i den grad doktorgradsutdanningen inkluderer emner, emnegrupper eller lignende som tilhører studieprogram på andre studienivå, gjelder reglene her også for doktorgradskandidater.

§ 1-2 Verkeområde

(1) Forskrifta fastset hovudreglane for studium ved Universitetet i Bergen, innanfor rammene av universitets- og høgskulelova og sentrale forskrifter frå departementet. Utfyllande reglar er fastsette av dei einskilde fakulteta.

(2) Forskrifta gjeld for alle studium ved Universitetet i Bergen med unntak for ph.d.-utdanninga og etterutdanning.

<p>For forskerutdanningen gjelder forskrift 23. juni 20031 for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Bergen, godkjent av universitetsstyret. For graden doctor philosophiae (dr.philos.), gjelder forskrift 25. september 1997 nr. 4266 for graden doctor philosophiae vedtatt av Det akademiske kollegium.</p>	
<p>§ 1-2. Avvik fra deler av forskriften ved utprøving av nye eller alternative lærings-, undervisnings- og vurderingsformer</p> <p>I forbindelse med utprøving av nye eller alternative lærings-, undervisnings- og vurderingsformer kan fakultetene etter søknad gis anledning til å fravike bestemmelsene i kapittel 5–7 i forskriften her i en nærmere angitt prøveperiode. Det forutsettes at ethvert tiltak som nevnt blir evaluert. Regelen her gjelder fram til avslutningen av studieåret 2021–2022.</p>	<p>Denne føresegna er fjerna, men sjå likevel § 1-1 (3)</p>
<p>Kapittel 2. Grader [mange føresegner]</p>	<p>Sjå kapittel 11 om gradsnamn</p>
<p>§ 2-7. Krav om tilknytning: Antall studiepoeng avlagt ved Universitetet i Bergen for utstedelse av grad</p> <p>(1) Til graden bachelor ved Universitetet i Bergen må minst 60 studiepoeng være avlagt ved Universitetet i Bergen. Av de 60 studiepoengene som skal være avlagt ved UiB må emner på minst 30 studiepoeng være avlagt i det fagområdet som utgjør spesialiseringen. Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet kan stille andre krav til emnesammensetning.</p> <p>(2) Til graden master ved Universitetet i Bergen må minst 60 studiepoeng, inkludert masteroppgave/masterprosjekt, være avlagt ved Universitetet i Bergen.</p>	<p>§ 10-1 Tildeling</p> <p>(1) Universitetet tildeler dei gradene som går fram av Forskrift om grader og beskyttede titler.</p> <p>(2) Grada er oppnådd når studenten oppfyller krava i den aktuelle studieplanen. Universitetet i Bergen tildeler ikkje grad dersom færre enn 60 studiepoeng av grunnlaget er avlagt her. For fellesgrader kan kravet vere lågare.</p>

<p>(3) Til gradene cand.med. og cand.psychol ved Universitetet i Bergen må emner av til sammen minst 60 studiepoengs omfang være avlagt ved Universitetet i Bergen.</p> <p>(4) Tilknytningskravet til Universitetet i Bergen kan være mindre enn 60 studiepoeng i forbindelse med fellesgrader.</p> <p>(5) Emner avlagt ved utenlandsk institusjon som del av en utvekslingsavtale med Universitetet i Bergen, kan ikke være med på å oppfylle tilknytningskravet.</p>	
<p>§ 2-8.Krav ved tildeling av ny grad som helt eller delvis inkluderer en tidligere tildelt grad</p> <p>(1) Ved tildeling av ny bachelorgrad kreves minst 90 studiepoeng i tillegg til den tidligere graden. Den nye graden må ha en annen spesialisering enn den tidligere graden, og være på minst 90 studiepoeng. Deler av denne kan være avlagt i tidligere grad. Minst 60 studiepoeng av den nye spesialiseringen må være avlagt ved Universitetet i Bergen.</p> <p>(2) Ved tildeling av ny mastergrad må minst 60 studiepoeng være avlagt i tillegg til den tidligere graden. De nye studiepoengene må inkludere en annen masteroppgave/et annet masterprosjekt enn den tidligere graden, og oppgaven/prosjektet skal være utarbeidet under veiledning av en eller flere personer oppnevnt eller godkjent av fakultetet.</p>	<p>§ 10-2 Gjenbruk av studiepoeng i ny grad</p> <p>(1) Dersom delar av grunnlaget for ei grad allereie inngår i tildelt grad, krevst det:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) for bachelorgrader minst 90 nye studiepoeng med ny spesialisering, b) for integrerte mastergrader minst 90 nye studiepoeng, inkludert eit nytt masterprosjekt og c) for andre mastergrader minst nye 60 studiepoeng, inkludert eit nytt masterprosjekt. <p>(2) Juridisk fakultet kan gjere unntak frå kravet om nytt masterprosjekt når studenten søker om godkjenning av femte studieår på masterprogrammet i rettsvitenskap på grunnlag av ein LLM-grad (Master of Laws) som inneheld eit skriftleg arbeid som fyller dei krav som gjeld for eit masterprosjekt i rettsvitenskap.</p>
<p>§ 2-9.Krav til innhold og sammensetning av grad i samarbeid med andre institusjoner</p>	

<p>(1) For grad som tildeles i samarbeid med andre institusjoner (fellesgrad), gjelder de samme kravene til innhold og sammensetning av graden som til grader utstedt av UiB alene.</p> <p>En fellesgrad er et samarbeid mellom to eller flere institusjoner, der alle deltakende institusjoner i fellesskap oppretter og driver et studieprogram. Deltakerne har felles ansvar for opptak, undervisning, veiledning og gradstildeling.</p> <p>(2) Rektor godkjenner samarbeidsavtaler med andre institusjoner ved etablering av studieprogram som leder fram til fellesgrader.</p>	<p>§ 3-3 Felles studieprogram og fellesgrader</p> <p>(1) Eit felles studieprogram er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen og ein eller fleire andre institusjonar, der alle institusjonane bidrar til programmet, men berre éin av dei tildeler graden.</p> <p>(2) Ein fellesgrad er eit felles studieprogram der graden blir tildelt i fellesskap av dei deltakande institusjonane.</p> <p>(3) Universitetsstyret opprettar sjølv felles studieprogram og fellesgrader. Studieprogrammet eller grada er regulert i eigen avtale.</p>
<p>§ 3-1. Studiestruktur og studieplan</p> <p>(1) Ved Universitetet i Bergen skal studiene organiseres i studieprogram og emner.</p> <p>(2) For hvert studieprogram skal det foreligge en studieplan. En studieplan er en beskrivelse av studieprogrammet med eventuelle studieretninger. Studieplanen gjør greie for hvordan programmet er bygget opp, hvordan emnene faglig hører sammen og som angir regler for studiet i samsvar med forskriften her.</p> <p>Studieplaner skal utformes i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket fastsatt av Kunnskapsdepartementet 20. mars 2009, forskrift 7. februar 2017 nr. 137 om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskriften) fastsatt av NOKUT, samt regler og retningslinjer fastsatt av universitetets organer.</p> <p>En studieplan består av:</p> <ul style="list-style-type: none"> • programbeskrivelse for studieprogrammet 	<p>§ 2-1. Organisering</p> <p>(1) Studia er organiserte i studieprogram og emne.</p> <p>(2) Studieplanar og emneskildringar skal vere i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket som er fastsett av departementet, med studietilsynsforskrifta og med reglar og retningslinjer frå universitetet.</p> <p>§ 2-2 Studieprogram</p> <p>(1) Eit studieprogram er ei samling emne som inngår i ein heilskap med eit definert læringsutbyte. Studieprogram som ikkje er årsstudium, skal føre til ei grad.</p> <p>(2) Kvant studieprogram skal ha ein studieplan som inneheld:</p> <ol style="list-style-type: none"> a) namnet på studieprogrammet og eventuelle studieretningar, b) talet på studiepoeng, c) opptakskrav, d) mål og innhald,

- eventuell(e) studieretningsbeskrivelse(r) for studieretning(er) innenfor studieprogrammet
- emnebeskrivelser for emnene som inngår i studieprogrammet.

(3) For tverrfakultære studieprogram må deltagende fakulteter godkjenne sin del av studieplanen.

(4) Studiepoeng angir mål på arbeidsomfang i studiet. 60 studiepoeng tilsvarer ett års fulltidsstudier. Dette utgjør normalt 1500–1800 arbeidstimer. Antallet studiepoeng for et emne skal normalt være delelig med 5. Normen kan fravikes dersom faglige grunner tilsier det.

Alle emner skal i hovedsak ha et tresifret nummer, der første siffer er enten 1 (100-emner), 2 (200-emner), 3 (300-emner), 6 (600-emner) eller 9 (900-emner). 100- og 200-emner inngår i studier i første syklus, jf. Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. 100-emner er begynneremner, 200-emner angir en fordypning eller spesialisering. 300- og 900-emner angir en høyere grad av fordypning eller spesialisering, for studier i andre og tredje syklus. 600-emner angir videreutdanningsemner.

Examen philosophicum og innføringsemner kan gis en nummerering som avviker fra reglene ovenfor. Det samme gjelder emner på profesjonsstudiene.

- e) kva for kunnskap, ferdigheiter og kompetanse studentane skal tileigne seg (læringsutbyteskildring),
- f) læringsaktivitetar og undervisningsformer,
- g) kva for emne som er obligatoriske og valfrie, med emneskildringar,
- h) eventuelle minstekrav til frie studiepoeng, til dømes fagleg nivå, omfang og innhald,
- i) høve til og plassering av utveksling og
- j) eventuelle reglar om rekkefølge på emna på programmet.

§ 2-3 Emne

(1) Eit emne er den grunnleggande studieeininga.

(2) Kvart emne skal ha ei emneskildring som inneheld:

- a) namnet til emnet,
- b) talet på studiepoeng,
- c) eventuelle forkunnskapskrav,
- d) mål og innhald,
- e) kva for kunnskap, ferdigheiter og kompetanse studenten skal tileigne seg (læringsutbyteskildring),
- f) undervisningssemester, -former, -omfang og -språk, og andre læringsaktivitetar
- g) obligatorisk oppmøte og obligatoriske aktivitetar,
- h) eksamensform og -semester, og vurderingsuttrykk og
- i) andre særskilde reglar for emnet dersom dei finst, til dømes avgrensing i tilgang til undervisning, hjelpemiddel og formelle krav til eksamen.

(3) Talet på studiepoeng for eit emne skal vere deleleg med fem. Dette gjeld ikkje for integrerte masterprogram eller for profesjonsstudia. Også i andre tilfelle kan det gjerast unntak dersom faglege grunnar talar for det, og verken omsynet til studentane sin

	<p>valfridom eller ønske om tverrfaglege studium gjer det utilrådeleg.</p> <p>(4) Eitt studiepoeng utgjer 1/60 av eit heilt studieår og inneber om lag 25-30 arbeidstimar for studentane.</p> <p>§ 3-2 Emnekodear</p> <p>(1) Alle emne skal ha ein tresifra kode, etter følgjande system:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) 100-emner er begynnareemne, b) 200-emne er fordjupings- eller spesialiseringsemne tilpassa studentar på bachelornivå , c) 300-emne er fordjupings- eller spesialiseringsemne tilpassa studentar på masternivå d) 600-emne er vidareutdanningsemne, medan e) 900-emne er fordjupings- eller spesialiseringsemne tilpassa studentar på ph.d.-nivå. <p>(2) Firesifra kodar kan nyttast dersom det ikkje er fleire aktuelle emnekodear att. Systemet i første avsnitt gjeld for dei tre første siffera.</p> <p>(3) Examen philosophicum, norskkurs og emne på odontologi-, tannpleie- og medisinstudiet kan fråvike frå første avsnitt.</p> <p>(4) Emnekodeane samsvarer med syklusane i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, men slik at både 100-emne og 200-emne høyrer til første syklus (bachelornivå).</p>
<p>§ 3-2.Oppretting, endring og nedlegging av studieprogram, studieretninger og emner</p> <p>(1) Ved Universitetet i Bergen skal saker om oppretting og nedlegging</p>	<p>§ 3-1 Oppretting, nedlegging og endring</p> <p>(1) Universitetsstyret sjølv opprettar og legg ned studieprogram på</p>

<p>av studietilbud behandles slik:</p> <ol style="list-style-type: none"> Saker om studieprogram på 60 studiepoeng eller mer vedtas av universitetsstyret Saker om studieprogram på mindre enn 60 studiepoeng vedtas av fakultetet selv Saker om studieretninger vedtas av fakultetet selv Saker om emner vedtas av fakultetet selv Vedtak om oppretting, nedlegging og endring av navn på studieretninger skal meldes til universitetsdirektøren. <p>(2) Fakultetet selv kan endre studieprogram, studieretninger, emnegrupper og emner.</p> <p>(3) Saker som innebærer oppretting eller nedlegging av fagområder eller andre vesentlige endringer i studietilbudet skal behandles av universitetsstyret uavhengig av reglene i første og andre ledd.</p> <p>(4) Ved nedlegging av studieprogram, studieretninger og emner skal vedtaksorganet fastsette overgangstid for undervisning og vurdering. Studenter som er tatt opp til studieprogram som vedtas nedlagt, har rett til å fullføre dette i samsvar med vedtak om overgangstid. Ved nedlegging av emner skal det normalt avholdes vurdering i emnet i ett eller to påfølgende semestre etter siste undervisningssemester.</p> <p>(5) Ved andre endringer i studieplanen beskrives overgangsordninger i studieplanen for å hindre at studentene blir unødig forsinket i studiet eller hvis fakultetet finner det nødvendig av andre grunner.</p> <p>(6) Samarbeidsavtaler med andre institusjoner ved etablering av felles studieprogram godkjennes av fakultetet ved dekan.</p> <p>Et felles studieprogram er et samarbeid mellom to eller flere institusjoner, der en av de deltakende institusjonene oppretter programmet og har det formelle ansvaret for driften og for å tildele</p>	<p>over 60 studiepoeng.</p> <p>(2) Fakultetet sjølv opprettar og legg ned:</p> <ol style="list-style-type: none"> årsstudium, studieretninger og emne. <p>(3) Vesentlege endringar i studieprogram ved eit fakultet må godkjennast av universitetsstyret. Endringar som i realiteten inneber oppretting eller nedlegging av eit heilt fagområde blir alltid rekna som vesentlege.</p> <p>(4) Fakultetet sjølv vedtar andre endringar i studieprogramma, studieretningane og emna.</p> <p>(5) Vedtak etter andre og fjerde avsnitt som gjeld studieprogram og -retningar skal rapporterast til universitetsdirektøren.</p> <p>(6) Organet som legg ned eit studieprogram, ei studieretning eller eit emne skal vedta ei overgangsordning for undervisning og eksamen. Studentar på slike studieprogram skal få høve til å fullføre studiet i samsvar med overgangsordninga.</p> <p>(7) Mindre endringar i eksisterande studieprogram, studieretningar og emne kan delegerast til organet som er ansvarleg for programmet (programstyret).</p>
--	---

<p>graden, men med omfattende bidrag fra de øvrige deltakerne.</p> <p>(7) Kvalitetshåndboka gir nærmere bestemmelser om vedtaksprosess og saksbehandling ved oppretting, endring og nedlegging av studieprogram, studieretninger og emner.</p>	
<p>§ 3-3. Innpassing, fritak og godkjenning</p> <p>(1) Fakultetet avgjør søknad om bruk av annen/tidligere utdanning fra Universitetet i Bergen som skal inngå i grad som gis ved fakultetet.</p> <p>(2) Fakultetet avgjør søknad om innpassing av utdanning fra andre institusjoner som del av utdanning som skal inngå i grad ved fakultetet.</p> <p>(3) For utvekslingsstudier som skal inngå i en grad ved Universitetet i Bergen må det søkes om forhåndsgodkjenning.</p> <p>(4) Fakultetet avgjør søknad om fritak på realkompetansegrunnlag.</p> <p>(5) Fakultetet kan gi innpassing til videre studier på grunnlag av ekstern utdanning som dekker tilsvarende opptakskrav.</p> <p>(6) Studenter som består emner og/eller fagenheter som faglig dekker hverandre helt eller delvis, får redusert antall studiepoeng for de aktuelle emnene. Vedkommende fakultet gjør vedtak om slik reduksjon.</p> <p>(7) Fakultetet kan i særlige tilfeller gi godkjenning etter andre ledd helt eller delvis på grunnlag av kunnskaper som er dokumentert på annen måte enn ved karakterutskrift. Prøve til kontroll av de dokumenterte kunnskaper eller tilleggsprøve kan kreves avlagt. Fakultetet selv kan også kreve slik prøve for kontroll av kunnskaper som ikke kan dokumenteres med verifiserbare dokumenter.</p>	<p>§ 5-8 Godkjenning av europeisk høgare utdanning</p> <p>(1) Fakultetet skal godkjenne når søknadsgrunnlaget er norske akkrediterte studium dersom vilkåra er oppfylte, jf. universitets- og høgskulelova § 3-5 e. Det same gjeld for studium frå ein stat som er part til Lisboakonvensjonen, med mindre det er betydelege skilnader mellom utdanningane, jf. universitets- og høgskulelova § 3-5 (3).</p> <p>(2) Fakultetet skal godkjenne examen philosophicum frå akkreditert norsk institusjon.</p> <p>(3) Studieplanen kan setje minstekrav for dei frie studiepoenga, jf. § 2-2 (2) h.</p> <p>(4) Når studenten søker om godkjenning for obligatoriske emne på studieprogrammet skal fakultetet vurdere mot emneskildringar.</p> <p>(5) Det humanistiske fakultetet avgjer søknad om godkjenning av examen philosophicum dersom søknadsgrunnlaget er anna enn examen philosophicum ved akkreditert norsk institusjon.</p> <p>§ 5-9 Godkjenning av annan utdanning og av realkompetanse</p> <p>(1) Fakultetet kan velje å handsame søknader om godkjenning av annan utdanning og realkompetanse, jf. universitets- og høgskulelova §§ 3-5 (1), 3-5 a, 3-5 b og 3-5 f.</p> <p>(2) Godkjenning etter første avsnitt må knytast til ei vurdering av kunnskap, ferdigheiter og kompetanse på enkeltemne.</p>

<p>(8) Fakultetet kan i studieplan eller utfyllende regler gi bestemmelser om innpassing, fritak og godkjenning for bestemte grader, studieprogram, eller emner ved fakultetet.</p>	
<p>§ 3-4.Fritak og innpassing av examen philosophicum og innføringsemner</p> <p>(1) Dersom det søkes om faglig fritak for examen philosophicum, skal vedtak treffes av Det humanistiske fakultet.</p> <p>(2) Bachelorgrader fra annen institusjon uten krav om examen philosophicum, gir fritak for krav om examen philosophicum i forbindelse med opptak til videre studier.</p> <p>(3) Examen philosophicum avlagt ved en annen institusjon, godkjennes i grad ved Universitet i Bergen. Innføringsemner avlagt ved en annen institusjon, må i grad godkjennes av fakultetet. I disse tilfellene godkjennes tilsvarende antall studiepoeng de avlagte emnenes studiepoeng.</p> <p>(4) Bare ett av de emner som er fastsatt til å utgjøre examen philosophicum, kan inngå med studiepoeng i en grad. Tilsvarende kan inntil 20 studiepoeng innføringsemner inngå med studiepoeng i en grad.</p>	<p>Sjå § 5-8, ovanfor.</p>
<p>§ 4-1.Generelt om opptak og opptaksbehandling</p> <p>(1) Fakultetene har ansvar for opptak. Dette er likevel ikke til hinder for at fakultetene kan delegerer saksforberedelse og avgjørelse til andre organer, herunder til Samordna opptak og til Studieadministrativ avdeling.</p> <p>(2) For opptak til grunnutdanninger gjelder forskrift om opptak til universiteter og høyskoler og forskrift om krav til mastergrad, begge</p>	<p>§ 4-1 Opptak til studium</p> <p>(1) Fakultetet har ansvaret for opptaket. Ansvaret kan delegerast til Studieavdelinga og Samordna opptak. Opptaket er regulert i Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen.</p>

fastsatt av Kunnskapsdepartementet, samt reglene her.

(3) Det kan fastsettes minstekrav til ferdigheter i norsk og engelsk for søkere som har hele eller deler av sitt opptaksgrunnlag fra et land utenfor Norden.

(4) Søker som får tilbud om opptak til studier må innen fastsatt frist akseptere tilbud om studieplass. Den som aksepterer tilbud om studieplass får utdanningsplan og blir dermed student, se for øvrig § 4-1-2.

(5) Ved søknad om opptak til studier med krav til dokumentasjon må søker levere dette innen fastsatt frist. Studenter som ikke fremviser de forespurte originaldokumentene for kontroll kan miste studieretten.

(6) Opptak kan være begrenset av regler om progresjon og vurderingsgjentak, jf. § 4-6 og § 6-8. Fakultetet kan fastsette at opptak til studier på nytt, ikke skal være mulig.

§ 4-1-1. Om opptak og opptaksbehandling til masterprogram

(1) For opptak til masterprogram gjelder reglene i forskrift om krav til mastergrad, reglene i kapitlet her, reglement for opptak av internasjonale søkere til Universitetet i Bergen og regler i studieplanen eller i utfyllende regler. For opptak til masterprogram som er grunnutdanning, jf. § 2-5 nr. 2a, § 2-5 nr. 3, § 2-5 nr. 4, gjelder også forskrift om opptak til høyere utdanning.

(2) De alminnelige opptakskravene for masterprogram er:

- bachelorgrad eller tilsvarende (herunder cand.mag.-grad)
- en fagenhet og en spesialisering på til sammen minst 80 studiepoeng
- andre faglige krav som måtte være fastsatt i studieplanen for det aktuelle masterstudiet, så som krav om selvstendig arbeid i bachelorgraden eller annet opptaksgrunnlag.

<p>§ 4-1-2.Om opptak til kortvarige studier</p> <p>(1) Fakultetet har anledning til å gi opptak til kortvarige studier uten utdanningsplan av inntil 60 studiepoeng, dette gjelder:</p> <ul style="list-style-type: none"> • fakultetet kan gi egne kandidater rett til å studere i inntil ett år i forlengelsen av fullført grad • fakultetet kan gi studenter fra andre utdanningsinstitusjoner i Norge, rett til å ta enkeltemner ved fakultetet i inntil ett år • fakultetet kan gi innvekslingsstudenter på avtaler og program, samt gjestestudenter, rett til delstudier i inntil ett år, jf. reglement for opptak av internasjonale søkere til Universitetet i Bergen. <p>(2) For opptakene gjelder egne frister og dokumentasjonskrav.</p>	
<p>§ 4-2.Utdanningsplan</p> <p>(1) Utdanningsplanen er en kontrakt mellom studenten og institusjonen som skal foreligge ved studiestart og skal oppdateres og bekreftes av studenten hvert semester for å være gyldig, jf. § 4-4-3.</p> <p>(2) Utdanningsplanen skal inneholde bestemmelser om institusjonens ansvar og forpliktelser overfor studenten og om studentens ansvar og forpliktelser overfor institusjonen og medstudentene. Utdanningsplanen er også grunnlag for grad og vitnemål, jf. kap. 8.</p> <p>(3) En utdanningsplan kan maksimalt være gyldig det doble av studieprogrammets normerte studietid, i tillegg til eventuelt innvilgede rettighetsbaserte permisjoner.</p> <p>(4) Hver student skal som hovedregel ha én utdanningsplan. Ved overgang eller opptak til nytt studieprogram termineres som hovedregel den eksisterende utdanningsplanen, med mindre det gis</p>	<p>§ 4-6 Utdanningsplan</p> <p>(1) Alle som er tatt opp til eit studieprogram på 60 studiepoeng eller meir skal ha ein utdanningsplan. Andre studentar skal ha ein forenkla utdanningsplan dersom fakultetet fastset dette i utfyllande reglar.</p> <p>(2) Utdanningsplanen er ein avtale mellom studenten og Universitetet i Bergen som regulerer rettar og plikter overfor kvarandre. Utdanningsplanen fastset studieløpet fram til studieprogrammet er fullført.</p> <p>(3) Utdanningsplanen skal innehalde:</p> <p style="margin-left: 20px;">a) namnet på studieprogrammet,</p>

<p>permisjon fra opprinnelig studieprogram. Søkere som allerede fyller kravet til en grad vil ikke innvilges internovergang til et annet bachelorprogram.</p> <p>(5) For studenter som er tatt opp til studietilbud som har et omfang på mindre enn 60 studiepoeng, kan det fastsettes en forenklet utdanningsplan.</p> <p>§ 4-2-1.Rettigheter ved gyldig utdanningsplan</p> <p>(1) Gyldig utdanningsplan gir studenten rett til å delta i undervisning i samsvar med studieplanen for programmet eller emnebeskrivelsen for det enkelte emne, herunder plikt til å delta i undervisning, obligatoriske undervisningsaktiviteter og annet som ifølge studieplanen eller emnebeskrivelsen er obligatorisk.</p> <p>(2) Gyldig utdanningsplan gir studenten rett til veiledning og til å bruke andre ressurser i samsvar med studieplanen eller emnebeskrivelsen, utdanningsplanen og eventuelle andre regler gitt av vedkommende fakultet, herunder lesesaler, datamaskiner osv.</p> <p>(3) Gyldig utdanningsplan gir studenten rett til å bli vurdert i samsvar med studieplanen eller emnebeskrivelsen og reglene her.</p> <p>§ 4-2-2.Utdanningsplan del 1 og 2</p> <p>(1) Utdanningsplanen består av to deler: en generell del og en programspesifikk del. Den generelle delen synliggjør retter og plikter mellom studentene og Universitetet i Bergen. Den spesifikke delen beskriver studieprogrammet og inneholder den enkelte studentens studieløp.</p> <ul style="list-style-type: none"> a) omtaler institusjonens ansvar for å informere, veilede, følge opp og tilrettelegge for studentene, som beskrevet i UiBs sørviserklæring b) omtaler og viser til de lover, forskrifter og plandokumenter studenten plikter å være kjent med, som denne forskriften, 	<ul style="list-style-type: none"> b) kva for emne studenten tar sikte på å fullføre; semester, rekkefølge, orientering om framgangsmåte ved endring av utdanningsplanen og val av ikkje-obligatoriske emne, c) tidlegare utdanning som skal inngå i graden, d) eventuell planlagt utveksling, e) tilvisingar til regelverk som studenten skal kjenne til og følge, inkludert denne forskrifta, fakultetet sine reglar, sørviserklæringar, og studieplanen og f) orientering om verknaden av manglande oppfølging av utdanningsplanen, jf. § 4-5. <p>(4) Fakultetet skal varsle alle studentar som har eit etterslep på 30 studiepoeng eller meir om at utdanningsplanen må oppdaterast. Varselet skal sendast ut på eit fast tidspunkt kvart år. Fakultetet og studenten skal i fellesskap avgjere kva for endringar som må gjerast.</p>
--	--

utfyllende regler ved fakultetet, sørviserklæringen og studieplanen for studieprogrammet

- c) omtaler studentens forpliktelse til å holde seg oppdatert om endringer i samme regelverk og institusjonens forpliktelse til å informere om dette
- d) omtaler studentens forpliktelse til å oppdatere og bekrefte utdanningsplanen hvert semester innen registreringsfristen, med informasjon om hvilke emner og emnegrupper studenten tar sikte på å fullføre, til hvilken tid og i hvilken rekkefølge
- e) gir informasjon om framgangsmåten ved behov for endring av utdanningsplanen
- f) omtaler studentens plikt til å benytte seg av universitetets informasjonskanaler, e-post og institusjonens læringsplattform
- g) gir retningslinjer for studentenes forventede arbeidsmengde
- h) omtaler forventning til studentenes deltagelse i studiekvalitetsfremmende tiltak, som evaluering av undervisning og lignende
- i) omtaler konsekvenser av at studenten ikke oppfyller kravene i utdanningsplanen, jf. § 4-8.

(3) Utdanningsplanens individuelle, programspezifiske del, Del 2,

- a) viser navnet på studieprogrammet studenten er tatt opp til
- b) angir normert studietid for studieprogrammet
- c) viser hvilke emner og emnegrupper studenten tar sikte på å fullføre inneværende semester eller studieår, hvilke emner som er obligatoriske for programmet, hvilket semester de skal tas og i hvilken rekkefølge, samt andre obligatoriske krav. Dersom deler av studiet skal tas i utlandet, skal det angis særskilt i utdanningsplanen for vedkommende semester
- d) viser framgangsmåten ved valg av emner som ikke er obligatoriske
- e) viser individuelle tilpasninger i studieløpet; som halv studieprogresjon, godkjent utdanning fra andre læresteder.

<p>§ 4-3.Studiestart, ny student</p> <p>(1) En student må ved starten av det første semesteret i sitt studieprogram, det vil si ved studiestart, oppfylle følgende betingelser der dette er fastsatt for studieprogrammet:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) delta på eventuelle obligatoriske orienteringsmøter b) levere dokumentasjon dersom det er påkrevd. <p>(2) En student må i det første semesteret av sitt studieprogram oppfylle følgende betingelser innen 1. september for høstsemesteret og 1. februar for vårsemesteret:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) betale semesteravgift i samsvar med lov og forskrift om studentsamskipnader, og eventuelt annen fastsatt avgift b) bekrefte utdanningsplan, med undervisningsopptak og vurderingsmelding for første semester. <p>(3) Hvis betingelsene ved studiestart ikke oppfylles mister studenten sin studieplass.</p>	<p>[Denne føresegna er delvis lemma inn i § 4-3 (2), og delvis ikkje vidareført. Pliktene følger anten av opptaket, eller så er dei felles for alle studentar, og ikkje berre dei nye]</p>
<p>§ 4-3-1.Utsatt studiestart</p> <p>(1) Fakultetet kan etter søknad innvilge utsatt studiestart. Det kan settes vilkår for slik utsettelse. Fakultetet kan gi utfyllende regler. Dette er likevel ikke til hinder for at fakultetene kan delegerer saksforberedelse og avgjørelse til andre organer, herunder til Studieadministrativ avdeling.</p> <p>(2) Det innvilges som hovedregel ikke utsatt studiestart ved opptak til</p>	<p>§ 5-1 Søknad</p> <p>(1) Fakultetet handsamar søknader om:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) permisjon, b) pause frå studia, c) deltidsstudium, d) utsett studiestart,

<p>2-årige masterstudier. Fakultetet kan gi utfyllende regler.</p>	<p>e) andre endringer i studieprogresjonen jamført med utdanningsplanen, f) tilrettelegging av studia, g) gyldig fråvær og h) godkjenning av tidlegare utdanning og realkompetanse.</p> <p>(2) Fakultetet kan vedta utfyllende regler om deltidsstudium og utsett studiestart.</p> <p>(3) Avgjersle etter første avsnitt bokstav d, og bokstav f og g som gjeld saleksamen, kan delegerast til Studieavdelinga.</p>
<p>§ 4-4. Krav ved semesterstart, alle studenter</p> <p>§ 4-4-1. Betaling av semesteravgift hvert semester</p> <p>(1) Alle studenter må innen 1. september i høstsemesteret og 1. februar i vårsemesteret</p> <p>a) betale semesteravgift, i samsvar med lov og forskrift om studentsamskipnader, eller forevise dokumentasjon på at semesteravgift er betalt ved annen institusjon.</p> <p>b) betale eventuell annen fastsatt avgift, i samsvar med forskrift om egenbetaling ved universiteter og høyskoler.</p> <p>Dette gjelder også for studenter som:</p> <ul style="list-style-type: none"> • oppholder seg ved et annet lærested som ledd i et utvekslingsprogram, • har permisjon fra sitt studieprogram for å studere emner utenfor dette programmet, • har foreldrepermisjon og som ønsker å følge undervisning og/eller avlegge eksamen eller å benytte velferdstjenester. Se § 4-4-2. <p>(2) Kravet om å betale semesteravgift gjelder uavhengig av om</p>	<p>§ 4-4 Semesteravgift</p> <p>(1) Plikta til å betale semesteravgift følger av Forskrift om studentsamskipnader § 17.</p> <p>(2) Alle skal betale semesteravgift i dei semestera dei er eksamensmelde. Det same gjeld studentar som er tekne opp på studieprogram som er normert til 15 studiepoeng eller meir per semester, sjølv om dei ikkje er eksamensmelde.</p> <p>(3) Første avsnitt gjeld ikkje:</p> <p>a) for innvekslingsstudentar som etter avtale er fritekne frå semesteravgifta, b) for tilsette som tar emne med nær tilknytning til stillinga, inkludert pedagogisk opplæring, eller c) dersom fritak frå semesteravgift går fram av emneskildringa eller anna regelverk.</p>

